

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

Ib. EIGARINNSKRIFTER ELLES

[**803**] N-22564 (Tidlegare omtala: Hagland 1986a: 12, 42; 1988b: 22; 1990b: 11, [36];
NIyR VI: 203, omtala som A131.)

Innskrift på runekjevle av tre, firkanta med tverrsnitt 10 x 5 mm og lengd 64 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FL, i hovudfase 9, som kan tidfestast til perioden mellom ca. 1275 og ca. 1325.

Det er runer på to av breisidene (a og b) og eit mønster skore inn på ei av smalsidene. Innskrifta fyller storparten av flata på side a og b. Det vil seia at på side a er ho 53 mm lang, og runene er 7-8 mm høge. Innskrifta på side b er 43 mm lang og runene likeins 7-8 mm høge. På side c er det eventuelt berre toppen av ei rune som kan lesast. Etter alt å dømma skal første riss på side a og det tilsvarande etter r. 8 på side b oppfattast som ei slags råme om innskrifta, som såleis kan lesast i samanheng frå side a til side b. R. 3 på side a (**r**) har open boge. R. 4 har svært utydeleg kvist, men gransking med stereolupe viser sikker **a**. I r. 12 på same side går øvste kvisten til venste i binderuna **on** frå toppen av staven og ned. R. 2 på side b har ein svak fargeskilnad midt på staven, og det kunne oppfattast som rest av punktering, men mikroskopering viser ingen sikre spor etter noko slikt. Bogen på r. 3 (**r**) er open og noko meir vinkla enn på r. 3, side a. Til slutt på side b er det tre tilfellelege riss følgde av ei kvistrune med ein kvist til venstre (frå toppen av staven og tre ned til høgge - i tilfelle skulle det bli tredje rune i første ætt (Týs ætt), altså **m**. På side c er det først rissa noko som kan vera toppen av ein **m** følgt av noko som ser ut til å vera tilfelleleg krot.

+ þ ǫ r ǫ : ǫ y ǫ : ǫ * þ

a) + **p o r a : a m i k : o k h o n**

ǫ i r þ i ǫ y

b) **k i r þ i m i k**

a) Þóra á mik ok hon b) gerðe mik. 'Tora eig meg og ho gjorde meg'

Side a og b til saman gir god språkleg meining. Kva funksjon dette vesle runekjevlet har

hatt, kan vi vel i dag berre spekulera over. Om pronomenet *mik* har innskrifta, kjevlet eller noko anna som referent, kan vi såleis ikkje vera visse på. Dersom det viser til innskrifta, er det interessant å kunna konstatera at vi har å gjera med ein kvinneleg runerissar. I så tilfelle må vi gå ut frå at pronomenet *mik* refererer til kjevlet med innskrifta, og at det då dreiar seg om ei lita skriveøving der ei kvinne eller ei jente har øvd seg eller vorte opplærd i å skriva med runer. Kvistruna til slutt på side b vil kunna stø ei slik oppfatning. Om lag same uttryksmåte som vi har på side a og b her, finst og i N291(A) frå Bergen: *Hákon reist mik, en sveininn á mik*. Her er referansen for pronomenet likevel tydelegare, ettersom innskrifta står på ein fint utforma trekniv, truleg ei leike (jf. NIyR IV: 57).